

## FN sin barnekonvensjon

Artikkel 18 punkt 1 (kortform):

Begge foreldra har eit hovudansvar for omsorga og utviklinga til barnet etter kva som er best for barnet. Staten skal gi støtte og sikre utvikling av institusjonar, tenester og tiltak for å gje barn omsorg, medrekna omsyn til utearbeidande foreldre.

«Ho var Emma Lucia.»

Refleksjonsspørsmål:

DEL 2 Barnet/barna



- Det står i forteljinga at alle forstyrringar i dei daglege rutinane var vanskelege for Emma, og at forandringane verkar nesten uoverkommeleg store for henne. Kva for eigenskapar hos deg sjølv kan hjelpe barn i liknande situasjonar?
- Reflekter over kvifor Emma vel dei ulike rollene i leik der ho er avhengig av å vere seg sjølv -men som *mamma Emma*, *skihopparen Emma* eller til nød *hunden Emma*?
- Emma sette seg alltid til bordet for å teikne når ho kom om morgonen. Dette og fleire andre ritual gav henne ein føreseielegheit som ho trengde. Snakk saman om korleis de diskuterer og stiller dykk til barn sine ulike ritual i barnehagen. Knytt gjerne faglege omgrep til diskusjonen.